

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 7.11.2014  
**Stad:** Ål, Hallingdal Feriepark

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

– Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar

---

#### **SAK 51-14 ORGANISERING AV REISELIVSSAMARBEID SAMAN MED REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

Saka vart drøfta utan realitetshandsaming. Kvar kommune må gjera lokale avklaringar.

#### **Vedtak**

Saka blir utsett til regionrådsmøte 28.11.2014

#### **SAK 52-14 UTTALE, REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPNING OG NÆRINGSUTVIKLING**

#### **Vedtak**

1. Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling har gode og sentrale mål for næringsutvikling. Sjølv om planen i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor. I denne samanheng er det viktig at pkt. 3.3 «*Tydeliggjøre regioners unikhet*» blir prioritert.
2. I kap. 3 Vertskapsattraktivitet er omgrepet nytta i forhold til «*faktorer som påvirker og tiltrekkjer relevante ressursar til regionene innen for næringsutvikling og verdiskaping*». For Hallingdal er reiselivsnæringa den desidert største næringa der vertskap er eit fundament i alle ledd. Vertskapsattraktivitet i forhold til våre gjester må vera eit av satsingsområda i delmåla, der det og må leggest inn prioriterte handlingar.
3. I kap. 8 samferdsel er det peikt på utfordringar i forhold til næringslivet:  
«*Gode samferdselsløyser for gods og personer er blant de viktigste forutsetningene for vekstkraftige norske bedrifter i konkurranse på globale markeder.*»  
Regionrådet for Hallingdal vil her presisere at ein stor del av reiselivsnæringa sitt transportbehov er effektiv og sikker transport, der reisetid er heilt avgjerande. Syner her m.a. til rapport om reiselivsnæringa sitt transportbehov, Statens vegvesen Region sør.  
Regionrådet ber om det i planen blir synleggjort at gode samferdselsløyser i høgste grad også er avgjerande for eit vekstkraftig og framtidretta reiseliv.

**SAK 53/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL**

**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Ål 7.9.2014

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tony Kjøøl, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune